

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Støren

Emne: Brynet

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal, Sørstua

(adresse): Snøan.

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her i grenda er det ikkje gått føre seg nokor endring i bruken av brynet i manns minne. Ein finn heller ikkje spor etter nokon tradisjon om ei slik endring. Slipesteinen har vore rund og sveiva rundt med sveiv festa enten til jarnaksling eller aksling av tre. Det siste da helst ved utslåttløne langt inn på kjølane der ein var nøydde til å berga seg med det primitive - i det store og heile slik at det var med nauda det slarka og gjekk. Ein veit at det var berre i ytste naud at ein brukar desse små, utslitne slipesteinane i utslåttane. Det vart oftast venta med slipinga til ein kom på ein betre slipestein. Ein flink slåttakar såg det som ei ære å berga seg med ljåen utan alt for mykje bruk av utslått-slipesteinane. Det er døme på at ein dugande kar kunne gå med same ljåen utan sliping i fleire dagar.

Ordet brynet brukar ein ikkje her. Hen (ei) er det vanlege namnet på dei bryner som ein brukar til alle andre eggjarn enn ljåen. Brynet til ljåen kallar vi strompsten. Ein stryk ljåen, men hena alle andre eggjarn.

i/ i/
Hena er for det meste av naturatein. Naturleg henberg fins ikkje her, men i grannebygda, Soknedal fins gode kniv- og finare reidskapsheiner. Der fins òg gode strompsteinar. Grenda er altså ikkje sjølberga på dette felt.

Mannen som åtte heinberget tente mang ein god skilling på uttak av heiner. Det var serleg garden Estenstad i Soknedal som skaffet kniv- og finare reidskapsheiner med stromsteinane kom frå Setersgarden ved Haukåa.

Ved uttakinga bruka dei bergkrutt og meisla så ut steinane i høveleg storleik alt etter det bruk som steinen var tenkt til. Det var mykje arbeid først å slå inn boreholet, la og skyta og så sitja med meislinga.

Mesteparten av reidskapan blir slipa på rund slipestein og roa tatt med heina. Rakekniven blir berre sett opp på fin hein og så finstroken på strykreim av lær. Finare treskjerarjarn og finare høveltenner blir sett opp både ved sliping og/eller berre heining.

Det fins ikkje forteljing frå gammalt om at tynningsljå har vore bruka her i grenda

Ein kan heller ikkje tidfesta når slipeljåen kom i bruk her.

På gardane i grenda her veit ein ikkje døme på at det har vore bruka stein som låg fast til å føra reidskapen att og fram på ved sliping.

Fagsnekkarane brukar heiner som dei har sett fast i eit stykke tre til å heina finare reidskap på. Dei skruvar treet fast i høvelbenken så det heile skal liggja stødt under arbeidet. Dei brukar olje til væte på desse heinene.

Frå alders tid har det lege store utslåttar til gardane her i grenda. Fleire av gardane hadde 20 - 30 lør i utslåttane. I eldste tida hadde ein nok ingen slipesteinar i desse markslåttane. Seinare kørde dei slipesteinen med seg, men med kvart som tida leid vart det vanleg at det stod att ein "slipstensrull" attmed markslåttane. Ein finn desse små slipesteinane liggjande ved sida av løne. Dei ligg der og vitnar om slitet til slekter som kvarv.

Dei gamle var vare med slipinga av ljåen og dei fleste ville ha minst mogeleg av det. Slipinga sleit for mykje på ljåen og da ljåen var kjøpevare galdt det å spara. Berre når egga vart alt for tjukk eller steinhoggen vart ljåen slipa. Å slita han ut i utrengsmål på slipesteinen var rekna for dårleg økonomi.

I gamle dagar var det vanleg å ha ei trestikke av hardved i lomma til å stryka ljåen med. Treet gav finare og varigare egg. Denne stikka var vanlegvis av eik. Ho vart bruka tørr etter at ljåen var stroken med strompsteinen. Trestikka vart kalla "ljåstekke" og ein meinte at ho svara fullt til føtemålet - det å gje fin egg, og egg som stod lenger enn berre med steinstryking. Desse stikkone var laga i stann heime før ein gjekk i slåtten. Eikstikka gjekk for best å vera, men alm og einer var brukande.

Her i grenda brukar ein berre langorvljå. Han blir ikkje tatt av orvet ved slipinga. Stutturvljå fins ikkje på gardane og ein har ikkje døme på at stutturven har vore bruka heller.

Når ein stryk ljåen sett ein orvet i bakken, legg venstre handa langs ljåbakken og let han gli attover under arma med kvart som ein stryk. Ein let steinen slengja att og fram langs egga på begge sidor. Steinen ligg heller laust i handa og ein klemmer aldri hardt attåt egga.

Strompen heng i ein krok på strompreima ved høgre sida. Han kan vera svarva av tre eller laga av blick. Stromp av okse-~~sk~~ eller kuhonn har ikkje vore bruka her i grenda.

Både strompstein av natur- og kunststein blir halden våt med vatn i strompen. Olje har ikkje vore bruka til strompstein. Trestikka har ein vætt ved sida av steinen i strompen eller helst bruka ho tørr. Tjuru eller sand han ein ikkje bruka på trestikka.

Sanden som med kvart samlar seg i botnen av strompen kallar ein ljåsand.

I gammal tid vart denne sanden ofte nytta til lækjemiddel

Ein veit ikkje av at han har vore bruka mot ringorm, men mot kjertelsjuka var han bruka. Kor mykje godt eller vondt sanden gjorde er ikkje godt å segja, men trua har gjort mykje folk friske.


At ljåsteinen kunne tala fins ikkje døme på her.

Ein har alltid bruka vatn i strompen og da treng ein å sputta på steinen.

Viser eller liknande til å syngja eller segja fram ved kvessing av ljåen kjenner eg ikkje til her i grenda, men mange av dei gamle slåttakarane som ljåen beit sers godt for hadde ord på seg for å trolla egg for ljåen. Nokon trylleformel til bruk er ikkje levande på folkemunne i dag. Gamlekarane tok vel slikt med seg i grava. Dei same karane bruka og å trolla på kvaksen. Om dei slo framåt eit kvaksebol så sa dei berre "tvi" og mumla eit eller anna uskjønneleg. Kvaksen stakk dei aldri, enda dei heldt fram i skåren som ingen ting.

- O **NORSK ETNOLOGISK GRANSKING**
 adr. **NORSK FOLKEMUSEUM** **665**
BYGDØY

Til emnet "Brynet"



Slipestein med vassbøtte ved utslatthøa.

665

M.H.